


# Me og uss, de og dikko

- eit undervisningsopplegg i hallingdialekten



**Der rek det ferdafolk ifrå land og by**  
Dialektlære

**Har ein sang som gjer sjele di varm**  
Hallinghits

**Har ein sang som set tanken min fri**  
Stev på hjernen

**Det æ 'kji so lett å gjera eit valg**  
**når alt æ på salg**  
Dialektundersøking

**Inst i øyra**  
Huldrehøyrespel

**De va so mangt me skulde ha sagt**  
**om me hadde ord og makt**  
Småplukk

# Me og uss, de og dikko

## - eit undervisningsopplegg i hallingdialekten

"Dagens vaksne er krye av hallingmålet, kanskje meir enn nokon gong. Den unge generasjonen avgjer no framtida til hallingmålet. Dei treng oppmuntring."

Dette skriv Hallgrim Berg i føreordet til boka *Me og uss, de og dikko*. Me håpar forslaget vårt til arbeid med dialektboka blir ei slik oppmuntring. Undervisningsopplegget kan nyttast som eit felles prosjekt for alle elevane på skulen, til dømes i stasjonsarbeid der elevane sjølve kan velja mellom ulike tema. Lærarane kan òg plukke ut delar av opplegget, og nytte det i vanleg gruppeundervisning. Målgruppa er tenkt 5.-7.steg, men kan tilpassast både yngre og eldre elevar.

*Helsing Marianne Sørboen (Nedre-Ål skule) og Karin Magnetun (Torpo skule)*


## Undervisningsopplegget dekkjer desse kompetansemåla frå KUNNSKAPSLØFTET:

KOMPETANSEMÅL FRÅ K-06	KONKRETISERING AV KUNNSKAPSLØFTET -delvis henta frå Hallingdalsløftet
<b>MUNTLIGE TEKSTER</b> Mål for opplæringa er at eleven skal kunne  <i>opptre i ulike språkroller gjennom rollespill og drama, opplesing, intervju og presentasjoner</i>	Mål for opplæringa er at eleven skal kunne  <ul style="list-style-type: none"><li>- bruke hallingdialekten i dramatiseringar og andre munnlege framføringar, som t.d. revy og høyrespel</li><li>- framføre tekstar for eit publikum</li><li>- innhente data om utviklinga av hallingdialekten ved hjelp av intervju, arbeide vidare med det innsamla materialet og presentere det elektronisk</li></ul>
<b>SKRIFTLIGE TEKSTER</b> Mål for opplæringa er at eleven skal kunne  <i>eksperimentere med ulike språkvarianter i egen skrivning på bokmål og nynorsk, <u>dialekt</u> og gruppespråk</i>	Mål for opplæringa er at eleven skal kunne  <ul style="list-style-type: none"><li>- skrive stev og songtekstar på dialekt</li></ul>
<i>bruke digitale skriveverktøy i skriveprosesser og i produksjon av interaktive tekster</i>	<ul style="list-style-type: none"><li>- bruke tekstbehandling i eigen skriveprosess</li><li>- nytte program som til dømes PowerPoint som presentasjonsverktøy</li><li>- hente og leggje inn relevant informasjon i læringsplattforma "It's learning"</li></ul>
<b>SAMMENSATTE TEKSTER</b> Mål for opplæringa er at eleven skal kunne  <i>bruke sang, musikk og bilder i framføringar og presentasjoner</i>	Mål for opplæringa er at eleven skal kunne  <ul style="list-style-type: none"><li>- noko om korleis tekstar kan forsterkast ved hjelp av musikk og song</li><li>- laga enkle høyrespel og dramatiseringar</li><li>- kunne gjennomføre opptak med lyd</li></ul>
<b>SPRÅK OG KULTUR</b> Mål for opplæringa er at eleven skal kunne  <i>finne språklige særtrekk i sitt eget miljø og sammenligne med noen andre dialekter</i>	Mål for opplæringa er at eleven skal kunne  <ul style="list-style-type: none"><li>- kjenne til den lokale dialekten</li><li>- kjenne til særtrekk i eigen dialekt og kunne samanlikne med andre dialektar</li></ul>

# Å prate dialekt – er det viktig?

ARGUMENTSAMLING av Hallgrim Berg

Mange forandrar talemålet sitt etter kvart som dei flyttar rundt i landet. Andre heldt på hovudtrekk i dialekten sin, anten dei er heime eller ute. Somme går inn for å prate så "rein" dialekt dei berre kan, medan andre bryt fullstendig med heimen og heimbygda og pratar eit slags ubestemmeleg austlandsk bymål.



## Her er ein del argument for å prate dialekt:

- Dialekt er populært landet rundt. Det er slutt på den tida at folk blir "sett ned på" fordi dei brukar dialekten sin. Striden for dialektane, og for å godta folk slik dei er, har vore ei kampsak for den organiserte målrørsla.
- Dialekt er klangfullt. Dei fleste band som syng på norsk i dag, brukar dialekten sin (Åge Aleksandersen, D.D.E., Odd Nordstoga, Hellbillies, Tolv Volt, Vamp osv.) fordi det har appell, er fint å laga tekstar på, kling godt og er det lettaste språket å syngje på.
- Dialekt set farge på tilveret og gjer mange glade. Det er interessant og spanande å høyre dialektar frå alle kantar av landet. Det er moro at ikkje alle er like og at alt språk er likt.
- Dialekten gir enkeltmennesket identitet og styrke. Du veit at du høyrer heime ein stad, i ein lang tradisjon, knytt til eit geografisk område som du kjenner og meistrar.
- Dialekten er tenleg på alle livets område. I dag høyrer me dialekt og nynorsk i radio og fjernsyn, i skulen, i kyrkja, i rettsalane og alle stader der folk ferdast.
- Dialekt løner seg ofte. Ei jente frå Ål fortalde at ho selde fleire forsikringar og hadde større suksess i forretningslivet etter at ho gjekk over frå bokmål til å bruke halling i Oslo. Fordi: Den som er seg sjølv, er meir tillitsvekkjande sett frå kjøparen si side. Du er deg sjølv, og det merkar alle du møter.
- Byfolk vil helst at hallingar pratar dialekt. Dette har med naturleg forventning å gjera: Når byfolk dreg på hytta eller er på tur til Hallingdal eller andre bygder, ventar dei å høyre den dialekten og oppleve den kulturen som høyrer heime på vedkomande stad. Reiselivet i Hallingdal ser i dag på dialektane og kulturtradisjonane som ein stor ressurs.
- "Tal dialekt og skriv nynorsk" er to sider av same sak, hevdar Noregs Mållag. Det går sjølv sagt godt an å prate dialekt sjølv om du har bokmål som skriftleg opplæringsmål (til dømes Nes og Flå). Men for dei som vil prate halling, er det unekteleg ein styrke å ha nynorsk som eit ryggstø:
  - Nynorsk: Eg vil ikkje heim att før i morgon.
  - Halling: E vil ikkje heim att før i morgo(mørgo).
  - Bokmål: Jeg vil ikke hjem igjen før i morgen/ jei vi'kke hjem igjen før i morra.
- Dialekt gir profil og attkjenning. Hallingdialekten er, som andre fjellbygdsmål, ekstra godt likt landet rundt, noko Nitimens dialektkåring i NRK i 2005 viste. Blant dagens profilerte hallingar

som alltid brukar dialekt/nynorsk: Ragnhild Jepsen på preikestolen i Nidarosdomen, Arne Moslåttén og Hellbillies-gjengen på alle konsertar, Stein Torleif Bjella i Tolv Volt, Høggorm-Kåre på Nes, Ulf Arne Johannesen på turnear, Hallgrim Berg på Stortinget og i media, Ivar Reinton i Buskerud fylkesting, Ådne Søndrol (delvis) som skøytereportar, Magne Myhren og Kjell Venås som vitskapsmenn på universitetet, Borgar Høgetveit Berg som forretningsadvokat og i rettssalen, Astrid Randen i Dagsnytt, m.fl.